



Notat

Dato

LEIKANGER, 02.12.2019

Til: Fylkesutvalet, møte 10. desember 2019

Frå: Fylkesrådmannen

Innlevering av fylkeskommunal PC

På komande fylkesting må dei folkevalde i fylkestinget levere inn PC-ane dei fekk utlevert ved oppstart av fylkestinget hausten 2015. Dette er i samsvar med avtala dei signerte ved utlevering av PC-ane der det står følgande:

Maskina skal leverast inn att ved avslutta fylkestingsperiode, seinast innan utgangen av 2019.

Du må sjølv passe på å kopiere ut personleg informasjon på PC-en før du leverer han inn.

Vi vil og samstundes minne om dei fylkeskommunale e-postadressene vil slutte å fungere etter 01.01.20, så det er viktig at du oppdaterer kontaktane dine om dette. E-postar sende til di fylkeskommunale adressa vil bli returnert til avsendar med informasjon om at mottakar ikkje eksisterer.

Det er diverre ikkje høve til å ta med eller kjøpe ut fylkeskommunal PC, jf. spørsmål om dette i FU 25.11.19. Det er fleire grunnar til dette:

- Alle har signert kontrakt på at maskina skal leverast inn att etter at fylkestingsperioden er over.
- Alle operativsystem, kontorstøttesystem og andre verkty på Pc-en er lisenserte til Sogn og Fjordane fylkeskommune og kan berre nyttast av tilsette i fylkeskommunen. Det er ikkje mogleg å gå rundt dette, då ein autentiserer seg (skriv inn brukarnamn og passord) ved oppstart. Denne pålogginga sjekkar kven ein er og kva for rolle ein har. Når ein etter nyttår ikkje lenger har ei slik rolle, vil systema slutte å fungere.
- Fylkeskommunen har ikkje juridisk eller teknisk høve til å installere privat versjon av Windows på den PC-en ein har nytta som folkevald. Våre lisensar gjeld berre for maskiner som er kopla til fylkeskommunalt domene.

IKT-tenesta vil vere til stades ved innlevering av PC.

Dette til orientering.